




Varhaugbuen

Varhaug stasjon i gamle dager



Steinane i Varhaugsstranda



Då eg i tredje utgåve av Varhaugbuen 2009, skreiv i mi vannkunna, om steinane i Bodle, tenkte eg at nokon ville vel reagera. Det kom litt respons. Men så fekk Reidun Gudmestad i Aftenbladet lese om dette. Ho fatta interesse og ville få denne historia fram i Aftenbladet. Så ein fin haustdag i slutten på oktober møttest Liv og eg, Reidun, nedmed sjøen. Ho hadde og med fotograf Jonas Haarr Friestad (som er barnebarnet til Per Ellingsen Haarr.) Det vart eit stort oppslag under tittelen: Kven la att desse krigsminna? Me

fekk meir respons etter dette. Blant andre tok tidlegare direktør ved Åna fengsel, Ståle Olsen, kontakt. Han interesserar seg sterkt for historien rundt fengselet. Han drog til Statsarkivet i Stavanger for å sjå gjennom fangesjournalen for Opstad tvangsarbeidshus, som det heitte under krigen. Her fann han opplysningar som gjer at han kjenner seg rimeleg trygg på at det som er synlig på steinane i Varhaugsstranda, er hogd inn av Opstad-fangar. Av hensyn til personvern (etterkomarar) bør ein vera forsiktig. Initialer og tids-

punkt stemmer godt overens med det me elles veit om tvangsutskriving av fangar frå Opstad under krigen, seier Ståle Olsen.

Tyske okkupasjonsmyndigheiter var umettelige på arbeidskraft for å sikre den delen av Festung Norwegen som jærkysten utgjorde. Frå 1943 – 1945 rekvirerte dei i alt 51000 dagsverk av fangane på Opstad. Anstalten måtte be om å få overført fangar frå andre fengslar i Noreg for å stagga "appetitten" hjå tyskarane. Fangane arbeidde ofte side

NORGESHUS
Varhaug
BYGGMESTER
Jon Harald
Håland a.s
Opstadveien 653, 4360 Varhaug
Tlf.: 51 43 07 70 - Mobil 911 811 67

HRD

HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E-mail: runeo@hrd.no

Jæren Flis & Skifer as

ERIK JESSEN
Roslandsveien 311, 4343 Orre
Tlf. 51 43 55 78 • Fax. 51 43 71 23
Mobil 905 11 987 • E-post: ej@hesbynett.no

VÅTROMS
GODKJENT

FLISER • SKIFER • MUR • PUSS



Ein av steinane i Bodle

om side med sivile ("frie") arbeidrarar. Dei blei henta med buss om morgonen og retunert etter endt arbeidsdag til Opstad. På mest kvart einaste av dei tyske festningsanlegga på Sør-Jæren deltok det tvangsutskrivne fangar frå Opstad, til dømes Kviamarka, Nærland og Ualand. Anstalten hadde ingen kontroll med kvar tyskarane hadde fangar i arbeid. Det passar difor godt med dette at dei og vart nytta til å rasera båttstøer som kunne nyttast i samband med ein alliert invasjon.

Det er eit interessant funn at det også er meisla inn ein steinbukk på ein av steinane. Steinbukken var ein reiskap både jærbuar og Opstadfangar hadde god kjennskap til. Med hakke og spade dyrka dei opp over 1200 mål av utmarka på Opstad før krigen.

Kan henda lengta fangen tilbake til Opstad og arbeidet med jordbryting, og steinbukken var såleis det mest uttrykksfulle bumerke han kunne koma på i novemberblesten? Så langt Ståle Olsen.

Det undrar meg framleis kor lite kjent desse ting er frå krigens dagar. Men det er vel ei sanning i det ei dama sa når me snakka om krigsminne: "Me var så unge den gongen, - og kom slett ikkje på at ting kunne ha historisk verdi seinare,- så det gjekk rett og slett ikkje inn."

Eg vil få takka for dei opplysningar som er komne fram,- og vonar at me er i nærleiken av det rette svaret.

Sigbjørn Varhaug

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforening

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Kristin Søyland, bygdekvinnelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Sigbjørn Varhaug, Vennelaget

Lerbrekk skule

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymlekednad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*

Varhaugsbu og verdsborgar



Om visdommen i mitt enkle høve aukar, kan eg ikkje gjere greie for. Det er helst lite truleg. Men det er eit uomtvisteleg faktum at medan verda blir stadig mindre, så blir eg eldre. Behovet for briller har meldt seg, og sjølv om eg strittar i mot, anar eg at livet herjar med meg. Det er på tide å innsjå at forfallet har begynt.

Det er mangt og mykje som endrar seg i eit menneskje sitt liv medan åra fyk forbi i aukande ekspressfart på glatte dobbeltspor. I mitt høve stiller dei eksistensielle spørsmåla seg stadig oftare i kø. Søndagsskulelen på Auestad bidrog rett nok til klare svar og ein trygg oppvekst. No er søndagsskuletida forbi, og spørsmåla om kven eg er, kvifor eg er, og kor eg skal hen, sterkare enn aldri før. Det er spanande spørsmål som mange filosofar og religionar har freista å gje gode svar på. Eg har så langt ikkje funne verken filosofar, religionar eller royale skytsenglar som har overtydd meg om at eg bør fjerne mine litt lause feste til søndagsskulefundamentet.

Dei eksistensielle spørsmåla kjem nok alltid til å utfordre ein truande tvilar som meg. Sjølv for ein rotekte og praktisk varhaugbu, byr livet på fleire spørsmål enn svar. Det har eg lite i mot. Kva så med behovet for røter og identitet i denne

rare verda som me har eit livslangt medlemsskap i. Har eg til dømes eit like sterkt behov for å kalle meg varhaugbu som før? Er tilhøvet til bygda så viktig i ei tid der folk skifter adresse og arbeidsplass langt oftare enn varhaugbuen bada for 100 år sidan?

Sjølv om eg rett nok såg verdas lys første gongen gjennom eit vindauge på ei fødestove på Bryne, sytte foreldra mine for at eg etter få dagar kom meg eit par mil lengre sør. Slik fekk røtene til Varhaug eit svært tidleg og stabilt rotfeste. Etter snart femti år, trudde eg at røtene ville begynne å sleppe, kanskje endåtil rotne. Med eit yrke som inneber ein del reising har eg oppdaga at det beint fram finnest andre trivelege stadar. Og gilde folk treffer eg alltid. Eg har til og med oppdaga at det finnest bygder, hus og heimar med ein utsikt og ein natur som absolutt matchar mitt smalspora vidsyn frå stoveglaset i Kydlandsvegen.

Dermed kan eg for eigen del slå fast at patriotismen, den som går på heia Varhaug og Varhaug er best, har blitt svekka med åra. Men røtene til heimbygda er like sterke. Det handlar mest om å kjenne seg trygg, og kjensla av å høyre til i eit fellesskap er avgjerande for dei fleste, også her på Varhaug. Den

kjensla er like sterk same kor i bygda, og same i kva organisasjon og arbeid ein er engasjert i. Å ha ei bygd som Varhaug å kjenne seg heime i er eit stort privilegium. Natur og geografi betyr mindre i den samanhengen. Å høyre heime blant folk, å kjenne seg sett, verdsett og inkludert er avgjerande viktig for meg. Og varhaugbuen er slett ikkje det verste folket å kjenne seg heime blant.

Varhaugbuen er den same, men Varhaug er i endring. Bohus som var ein del av vår identitet, har flytt til Bryne. Coop Varhaug er i ferd med å flytte over i nytt bygg, medan nye verksemder og nytt liv skal inn i dei gamle lokala. For at Varhaug framleis skal ha eit levande stasjonsområde, og for at stasjonen framleis skal vere ein stad der ein skal møte kjentfolk, den gode atmosfæren og den trygge varhaugbuen, er det framleis naudsynt med positiv patriotisme. Varhaug trenge framleis oppslutnad frå ein patriotisk varhaugbu med open dør for nye bygdeborgarar med behov for identitet og fotfeste.

Varhaugbu eller ikkje. Eg nyttar høvet til å ønskje dykk alle ei god jul og eit godt nytt år!

Sjur



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllenvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og foterapi
v/ Heidi Dubland Bo

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



Varhaug Serviscenter AS
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-serviscenter.no





Nytt frå Misjonshuset

Hausten er no snart blitt jul. Det er fullt hus på Misjonshuset. I førre nummer var det innslag om minikoret som skulle feire 25års jubileum. Vedlagt er et par bilete frå festen som gjekk av stabelen for fullt hus måndag 26. oktober, med kake.

For å sjå møteprogram og få informasjon om det som foregår på Misjonshuset, vil eg visa til internettsida til Misjonshuset: www.varhaug-misjonhus.no

I slutten av desember vert det juletreffest for søndagsskulen 27. desember. For ungdom vert det den vanlege annendagsfesten 26. desember. Men først vert det "Me synger jula inn" 13. desember. Og før det igjen, julemesser. Allereie 13-14 november og så 27-28 november.

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



25 år og fullt hus

Plastinnsamling

Det blir plastinnsamling på Fellekjøpet FREDAG 11. desember kl. 10 - 13.

Vi prøver med innsamling på fredag denne gongen. Det vil då stå containerbil med krane og grabb og ta imot plasten når de kjem og leverer.

Vi kan ikkje ta imot rundballenett. Ellers er alt som før, og husk at de treng ikkje ta ut innersekken i storsekkene.

Takk for all plasten de kom med sist gong. 19,5 tonn.

Grasrotandelen!

Varhaugsbuen er registrert i frivillighetsregisteret og kan motta "grasrotandelen". Gi beskjed til kommisjonæren når du spiller gjennom Norsk Tipping, viss du vil at din "grasrotandel", som er 5% av innsatsbeløpet, skal gå til Varhaugsbuen.



Hå BGP/UGP 19. september på Varhaug Misjonshus



Microputt

Av sjakkklubbene i Rogaland sto den minste klubben "Hå Skulesjakk" ansvarlig for sjakkturnering for barn og ungdom lørdag 19. September. Denne turneringa hadde pengepremier i de eldste klassene (felles premiering for ungdom og kadett), og det hadde muligens skjerpet interessen. Den som gikk av med seier i ungdomsklassen hadde internasjonal rating på 2379 og var sjakkmeister med FM-tittel. Og 7 andre i klassene ungdom og kadett hadde solid rating.

I alt var det 51 deltakere, jevnt fordelt på 4 aldersklasser og egen klasse for nybegynnere. Og sammen med deltakerne kom familie og venner,- slik at det var godt over 100 som tilbrakte stor del av lørdagen på Varhaug. Sjakkforeldre fra Vigrestad sto for dugnad med kafeteria, - pølser, graut, brus, kaffe og kaker. Det ble et flott arrangement,- både deltakere og sjakkledere ser gjerne at Hå Skulesjakk arrangerer flere sjakkturneringer i tida som kommer,- og spillelokalene i det store misjonshuset var svært gode. Dyktig turneringsleder var Erlend Stangeland, som sammen med Erik Høidahl sørget for god glid i turneringen, slik at de yngste kunne avslutte en time før planen.

Fra Hå Skulesjakk deltok 8 spillere,- de fleste havnet på nederste del av resultatlista,- men innsatsen var på topp hele veien. Den beste av spillerne fra Hå (alle var fra Vigrestad) var Martin Nilsen, som stilte opp i kadett klassen, selv om han aldersmessig ville kunne spilt i lilleputt. Og han fikk en flott 4. plass



Nybegynnere




Miniputt



Lilleputt



Kadett /ungdom



Resultater:

Klasse Nybegynnere, 8 deltakere

- 1 Helge Håvardstein, RandabergSKu
- 2 August Faugstad, Stavanger SKu
- 3 Christopher Robin Munk, Stavanger Sku
- Fra Hå Skulesjakk: Mathias Gulaker ble nr 4 og Sven Lassen nr 7.

Klasse Mikroputt, 13 deltakere

- 1 Rafails Voldemars, Stavanger Sku
- 2 Sondre Merkesvik, Bergens Schakklubb
- 3 Henrik G. Tallaksen, Stavanger Sku
- Fra Hå Skulesjakk: Guri Høidahl ble nr 8, Eilin Auklend nr 11 og Josef Auklend nr 12.

Klasse Miniputt, 10 deltakere

- 1 Martin Saltvedt, Stavanger Sku
- 2 Andreas Fossan, Stavanger Sku
- 3 Andreas Owe Aabø, Figgjo Bsk
- Fra Hå Skulesjakk ble David Gulaker nr 6

Klasse Lilleputt, 10 deltakere

- 1 Morten Hamra, Sandved Ssk
- 2 Holger Thordal, Sandved Ssk
- 3 Eivind Aartun, Stavanger Sku
- Fra Hå Skulesjakk ble Magne S. Hårr nr 6 og Erlend Haaland nr 8

Klasse kadett, 5 deltakere: (NB: spilte sammen med kl. ungdom):

- 1 Fredrik Beer Jacobsen, Stavanger SK
- 2 Erlend Kyrkjebo, Stavanger Sku
- 3 Vegard Øverås, Sandved Ssk
- Fra Hå: Martin Nilsen ble nr 4

Klasse ungdom, 5 deltakere (NB: de spilte sammen med klasse kadett):

- 1 FM Vadims Daskevics, Stavanger SK
- 2 Jon Kristian Haarr, Sandnes SK
- 3 Kristoffer Madland, Sandnes SK



SJAKK på Varhaug

Fortsatt har me ikkje speling i g på Varhaug,- men dersom nokre vera interessert, så vil me starta ei gruppe her og.

Situasjonen på Nærbø er og slik, no er det med 2 gutar frå Nærbø, at det er stor sjanse for at me startar opp att på Nærbø (på Motla etter jul.

På Vigrestad speler me sjakk på t dagar kl 1730-1845. Me held no det gamle biblioteket, (ved jernban i dei nye lokalane som vart ta bruk 20. Mars som "Vigrestad ungdoms- og nærmiljøsester" som no er forkorta til "kulturto Vigrestad".

19. september inviterte Hå sk sjakk til BGP/UGP turnering, nedanfor er det innlegett som ik kom på trykk korkje i Jærbladet e Stavanger Aftenblad, med bilete turneringa..

Sjakk for vaksne: Fortsatt er ikkje gjort meir for å få starta Jæ sjakklubb på M44. Men for inter serte er det høve til å koma til Vi stad torsdagar mellom 1900 og 2 Her er det ei gruppe som spelar i s lokala som skulesjakklaget, rett ette ungane er ferdig.



Tombontsoa jordbruksskule, Madagaskar



*På veg til dugnad ved jordbruksskulen.
Ole Moi sit lengst bak. Bileta frå Bondevennen*

Takk for heile kr 21150 som kom inn til pasteuriseringsanlegg ved Tombontsoa jordbruksskule då eg feira 70-årsdagen min i sommar!

For å selja mjølk ut av skulen sitt nærområde, krevst det nå pasteurisering; ei investering på ca kr 200 000. Difor har Tine skaffa anlegg, og Landteknikk har hjelpt til med montering og prøvekøyring av eit høveleg anlegg (sjå "Bondevennen" nr 40 – 2009).

Brørne Rolf og Ole Moi utgjør 2 av 4 dynamiske personar for prosjektet. Rolf reiste ned til Madagaskar 15. oktober og Ole 7. november. Rolf starta med å utvida gardsbrønnen til 2 m i diameter og auka djubden til ca 10 m, då det krevst mykje kjølevatn til anlegget. Han har og reparert ein del reiskap, og det har vorte ein del telefonar til Ole om reservedeler som Ole måtte ta med når han kom. Då Ole kom ned, var både ny mjølk tank og pasteuriseringsanlegget klar for montering. Dette var på førehand sendt med båt.

-Voll meieri har levert gratis tank, Mæland Rør har gitt gratis røyrdeklar, Nærbø Rør og Elektro samt Elteam har gitt gratis elektrisk utstyr. Herredsvela Transport har sponsa transporten.

Innkomne pengar brukest fullt ut til innkjøpt utstyr og transport. Rolf og Ole gjer arbeidet på dugnad; til og med reisa betaler dei privat. Rolf nytta ferien sin til dette prosjektet. – Det meste av denne ferietida arbeidde han inn i sommar. På denne måten er nå pasteuriseringsprosjektet fullfinansiert.

Men Ole bad meg streka under at det trengst fleire andre prosjekt for å få skulen skikkeleg "på føtene", noko som vil skje i samråd med leinga av skulen.

Det trengst difor ein del meir støtte til Tombontsoa, så ta kontakt med Ole Moi!

Vår generasjon har det meste av ting, så for meg høvde det særst godt å samla inn pengar til støtte til

Tombonsoa på 70-årsdagen min. – Faktisk gjorde ei slik målretta feiring meg ekstra glad og frimodig. – Så takk for gild Opehus-feiring på Lerbrekk Skule og for støtte som er innkome i etterkant!

Gode Varhaugsbuar; Vurder støtte til gode prosjekt når de feirer!


Lukke til og god jul!

*Helsing Eirik J.
Varhaug*



Her er folk frå skulen i gang med å tømme konteinaren med pasturiseringsanlegget.

Steinbukk i Prestakrysset på Fjesbogå



Over et kaffedrøs i nærheten av Prestakrysse blei det diskutert at der absolutt måtte koma en skik-kele skulptur i rundkjøringå. Drø-ge gjekk lett og ledig, med mange humoristiske forslag, friskt i minne den flotte foggel di klepp har fått. "Ein steinbukk må jo vera det retta her" kom der fram. Eureka! Ja kof-for ikkje? "an må vera høge au så an vise fram i landskapet". Disku-sjonen blei meire seriøse, og dettan var noge enn måte ta tak i. Der blei danna ei gruppa på fjesbogå, "Me så vil ha en 10m høy steinbukk i rundkjøringå i prestakrysset på Varhaug".

Der kom så mange medlemmer at en journalist i Jærbladet hadde plukka dette opp, og skreiv en ar-tikkel om dette. Ballen rulla vida-re, og dette som blei starta som ein spøk er nå tatt opp på politisk plan i Hå av Mons Skrettingland.

Prestakrysset er et knudepunkt for dei som skal til søre del av Jæren frå E39, og sjølve inngangen til Var-haug austanfrå. Og då blir vel in-genting meir naturleg enn å ønska velkommen til Varhaug med våres eiga kommune-våpen? Steinbuk-ken blei laga hjå F.A. Underhaug og dei laga 5000 stk før den gjekk ut av produksjon på 60-tallet. Og visste du at Steinkjerringa blei løfta på plass med ein steinbukk?

Gruppå he vokst stadig å trutt, og i dag 11. november klokka 2100 så er der 649 medlemmer. Me i gruppå håper at alle gode krefter støttar opp om denne goe saken, slik at dette kan bli ein realitet.

*For gruppå
Halvor Berge*

Frå redaksjonen



Eg har nett kome heim frå ein tur i Rogaland bygde-kvinnelag til Ma-sia, og er nok ikkje

heilt kome i heime modus. Alle opplevingane, alle inntrykka treng litt tid til å "koma på plass". I til-til til gilde folk å vera i lag med, og utruleg turarrangør i Anne Kari, finn eg ikkje dei rette orda som skal til for å fortelja kor flott den turen var. Her fekk me med oss meste; storbyen Singapore og Kuala Lumpur, i ein liten elvebåt langs regnskogen, nattvandring i jungel og ikkje minst alle dagane i Langkawi med flotte badestrender og temperatur.

Og så kjem me til Amsterdam, og det er pynta til jul. Først då går det opp for meg kva årstid me er i. Eg har jo hatt sommar i 2 veker.

Men det er gildt å koma heim at Det er jo mykje i ordtaket ute br-men heime best. Og så var det b-på an med siste nummer av Var-haugbuen for 2009. Det meste a-stoffet var på plass då eg kom he-så det var berre å byrja å "sy" det saman. Men først måtte eg få un-Jærbladet og Aftenbladet for 2 ve-og det tok si tid. Akkurat nå har ikkje heilt oversikta over kor myl-plass eg har i bladet, men eg kun-godt tenkt meg å hatt med eit bi-eller to frå turen.

Det var gildt at Sjur var tilbake m-sitt "skråblikk". Det er alltid gild-lesa det han skriv enten det er he-eller i bondevennen.

Sjolv om jul og nyår akkurat nå er "milavis" frå meg, må eg likev-ynskja alle det beste for høgtider som kjem.



Ånestad krinsen

Inviterer til Julemøte 9 des, klokka 19.00

På Varhaug Velferdssenter

**Kristin og Morten vil fortelle og vise
film fra den tiden de var i Belgia.**

Det blir sang v/Anette Vagle

**Servering: Risengrøt m/tilbehør, kaffe
og kaker.**

Entre: kr 50,-



Alle hjertelig velkommen


Arr:

Varhaug Bygdekvinnelag

Varhaug Bondelag



Varhaug stasjon i gamle dagar



Varhaug frå sør 1954

Der skjer mykje i stasjonen for tida. IT og Bohus er blitt historie. Det gamla Handelslaget snart likeeins. Nå byggjer det nytt Handelslag. Nå, ja, det heiter visst ikkje Handelslaget lenger, men Coop Varhaug. For oss som har levd ei stund, dvs meir enn 40 – 50 år, for oss har Varhaug endra seg enormt. Eg vaks opp før strømpebuksene si tid. Då eg vaks opp var det livstykke og heimespøta sokkar. Dei vaksne brukte ullbol og lange underbukse. Då var det ikkje stillongs eller truser, men underbukser som gjekk nesten ned til knea. Me skulle halda oss varme. Då var det ikkje allværsjakke, men annorak. Ikkje regndress, men regnkåpe for jentene, og sydvest. Oljehyra for mannfolka.

For eg vaks opp på femtitalet. Då var det ikkje mange hus på stasjonen. Kven hugsar korleis det var på byrjinga av femtitalet? Må tenkje etter. Jau, det gamla Handelslaget med pakkhus og stallar, trur eg. Det gamla meieriet. Ikkje det som nå er Fjordkjøkken, men det gamla som var rett nordanom banken. Då vart det kjørt mjølk med hest og kjerra, og mjølka i spann. Det

var lenge før mjølketanken og mjølk-bilen si tid. Går det an?

Ja, så var det den gamle banken, Olav Lerbrekk med skobutikken, der det nå er kinamat. Olav selde ikkje berre sko. Han hadde og is i kjeks og snop. Høgdepunktet for ein jentunge var å vere med far på stasjonen når han køyrde mjølka. Då gjekk eg på Handelslaget medan far tømde mjølka. På den tida opna Handelslaget kl 7 om sommaren. Av og til gjekk me innom Olav og kjøpte is. Mmmmm.

Hugsar du dei store skuffene med mjøl og sukker, der dei vog opp etter kvart? Då vart me ekspederte over disk. Theodora og Jelsa var der. Dei var fast inventar på Handelslaget, og lenge trudde eg at Theodora var kona til Jelsa. Men det vart nå oppklara etter kvart at det var ho ikkje.

Brøda vart pakka inn i papir med hysing rundt. Alle brød i ein pakke. Og brødpapiret vart etterpå nytta til dopapir heime. Det var jo i utdoen si tid. Og lenge, lenge før brødskjerar var oppfunnen.

Det nya meieriet var ferdig i februar 1957. Det gamla meieriet vart seld til Handelslaget, og me fekk etterkvart frysa der. Me hadde kvar sin boks som me kunne ha kjøt i. Før den tid var det fryse i kjellaren på Handelslaget. Då gjekk Theodora ned og henta den kjøtpakken me skulle ha. Då var det viktig at ting var rett merka.

Me leverte eggekassane på pakkhuset. Meierioppgjeret kom i ein pose som dei henta på kontoret på meieriet. Kraftförlageret var oppe på pakkhuset. Dei fira sekkene ned i kjerra med eit eller anne heiseopplegg. Er eg på "tynn is" nå? Då var det ikkje ferdig blanda. Det gjorde me sjølv. Sånn var det med kunstgjødsel og. Den blande dei sjølv. Ikkje rart det var bruk for mange arbeidsfolk på gardane.

Kva anna var det på stasjonen? Sjølv-sagt jernbanestasjonen. Eg kan så vidt hugsa den gamle stasjonsbygningen. Då var det skifting av spor manuelt. Og det var overgang med bommar der så nå er undergang. Det vart ofte venting til bommane opna. Men det var ikkje så mange tog på den tida, og dei gjekk ikkje så fort som i dag. Ikkje var dei elektriske heller før i 1956. Det tuta godt når damplokomotivet bles i fløyta. På stasjonen var det og pakkhus, og det var visst eit hus til for dei som arbeidde ute på spora. Dei køyrde med dresin. Sidan me budde heilt ved jernbanelinja, og hadde portar og overgang der, var det ofte at dresinen stogga og jernbanemannen løfta den av slik at tog kunne passere.

Det var mange haldeplassar mellom stasjonane. Me gjekk av og på toget på Dysjaland. Stod berre på perrongen og retta ut handa som om det var ein buss me skulle på. Av og til stoppa toget rett utanfor huset vårt dersom det ikkje var andre som skulle til Dysjaland eller Rongjå. Det var service det. Toget stoppa blant anna på Hogne-

stad, Gjerdo, Tårland, Kvía, Odland, og Stavnheim. Det tok si tid å reise til byen. Ja, for byen, det var Stavanger. For meg er det framleis Stavanger som er byen. Dei andre byane er Sandnes og Bryne. Men det går ikkje an å sei: eg skal til byen, når eg skal til Bryne.

Det var betjening på alle stasjonane. Fleire folk var det, og dei ekspederte og posten. Då måtte me på stasjonen for å hente posten. Og me fekk med oss ikkje berre vår post, men au den til dei i Håla og på Joster.

Kva meir var det i stasjonen? Me hadde mølla, forsamlingshuset, losjehuset og Skrettingen. Ja, og så var det sentralen, altså telefonsentralen. Då ringde me til sentralen og sa kven me skulle snakka med. Kan eg få Bertel? Ja, vent litt, så plugga dei inn og

ringde på Bertel. Det kunne ta si tid, og me måtte gjerne ringe på att og sei me ikkje hadde fått svar. Kva var det du skulle ha? Så var det ny runde. Me var fire hus på same linje. Nummeret var 6a, 6b, 6c og 6d. Då ringde det eit langt og eit kort til 6a, eit langt og to korte til 6b, osv. Så var det å høyre etter og ta telefonen om det var eit langt og tre korte. Huttetu, skjonar dagens mobilungar dette? På den tida var det ikkje alle som hadde telefon ein gong, og nå er det mange apparat i kvart hus, og i tillegg minst ein mobil kvar.

Var der meir hus på stasjonen? Jau, me hadde skomakaren. Så var det Auesten og Bøen, IT, Stueland trevare og Stueland møbel, og Tolleiv. Både Bøen og Handelslaget hadde bakeri. Bøen selde og kraftfôr og bensin.

Skulen kom ikkje før i 1958. Før den tid var det grendeskular. Då var det skule på Ånestad, Lerbrekk, Auestad, Ueland og Odland. I tillegg var det hønseshuset på stasjonen.

Utbygginga tok for alvor til på sekstitalet. Då var det plutselig byggefelt både her og der. Nå er det så mange husstandar at me kjenner snart ingen lenger. Me har fått velferdssenter og helsesenter, rådhus og rådhusplass. Er det løye at eg seier: ingen ting er som i gamle dagar.

Brit Obrestad



Den "gamle" og så den nye tida.

SLÅING • RAKING • PRESSING

**ÅNESTAD
MASKINSTASJON**

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

HAUCK
PORTSERVICE AS

A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55

Solarium
Det er den beste og mest effektive måten å holde huden din sunn og glatt.

H & S Salongen AS
Kerastase L'Oréal
Dame & herrekliipp

RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18

Høstfest hos Svala 4H

Ut med det gamle og inn med noe nytt. I år ble nye lokalet misjonshuset sin matsal, siden gymsalen på barneskolen ikke var aktuell. Der stilte 32 medlemmer ut på torsdag kvelden fra kl 18.00 – 20.00, og et døgn etter at utstillerne hadde stilt ut møtte de opp igjen, men denne gangen med familie og venner, høstfesten stod for døren. Omkring 140 var antall gjester som kom på festen vår, og det ble satt opp flere ekstra bord for å få plass til alle. Null stress! ☺ Vi syns bare det er kjempekoselig med mange som engasjerer seg og vil være med på 4H! ☺

Ingbjörg som var konferansier for kvelden, fikk det hele i gang og innledet til masse variert, krydret og sprek underholdning. Synging ble det også, med Marte og Hanne som forsangere

ble snart salen fylt med oppgave-viser, 4H-sangen og mange flere.

Det ble servert gryterett til hovedrett. Kaffe og kaker som aspirantene hadde tatt med ble servert om dessert. Imens det ble spist ble det salg av årer. 438 årer ble totalt solgt, 20 kr pr. lodd, som vil si at Svala 4H fikk inn totalt 8760 kr. 50% av disse pengene, 4380 kr, ble sendt til 4H sitt u-landsprosjekt, som dette året var i Zambolabbo, Kame-run.

Turen kom også til merkeutdelingen og priser, etter talen til fylkesrepresentanten Ole Jørgen Kastet. Bondelaget valgte å gi sin pris til Janne Bore og Anne Omland som hadde hatt kanin som oppgave, og hadde gjennomført oppgaven bra og hadde en bra utstilling. Bygdekvinnelaget gav Hanne

Skrettingland sin pokal for oppgaven form og fantasi, mens Bygdeungdomslaget ga pokalen til Camilla Skrettingland for friluftsliv av. Det ble også gitt priser til personer som har bidratt på en positiv måte i 4H Svala, bl.a. ble innsatsprisen tildelt Ingbjörg Bratland.

Utloddingen var siste punkt på kveldens program, og gevinstene var fruktkorger tatt med av seniorer i klubben og 4H effekter. Kveldens ende for høstfesten nærmet seg og det hele sluttet av med "heim te Jæren" og alle gikk til sitt.

*-styremedlem-
Christine*







4H festen


Gildt med så mange flotte bilete frå festen som eg ikkje fekk med meg pga ferien. Eg har sjølv 4 jenter som har vore med i 4H, og det var like travelt og spanande kvar gong haustfesten stod for tur. Eg ynskjer alle i 4H lukke til med vidare arbeid.

Liv

R. SKRETTING A/s

**KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT**

Tlf. 51 43 02 16



Kva tid kjem Frivilligsentralen til Varhaug?

Frivilligsentralen i Hå har nå kontordag på Nærbø, Vigrestad og Ognå. Kva tid har dei tenkt å koma til Varhaug?

Tidlegare vart det sagt at dei kunne tenka seg å bruka lòa på lensmanns-garden, men kva tid vert vel den klar?

Eg tok opp dette med ordføraren på møtet til Senioruniversitetet på Vigrestad. Han var enig med meg i at det burde ikkje stå på ledige lokale. Det er vel noko me har meir enn nok av i sentrum av Varhaug.

Liv

Lerbrekks- brua

Kor lenge har Jernbaneverket (me går ut frå at det er dei som har med dette å gjera) tenkt at dette rekkverket skal henga å dingla slik?

Me i Varhaugbuen tykkjer det er skamlig at dette ikkje er reparert for lenge sidan. I tillegg er det ganske farleg å ha det ståande slik i fleire månader. Det er jo opent ned til jernbanesporet. Me har prøvt å ringa Jernbaneverket, men det var ikkje lett å få rette vedkomande i tale.



Refleks...Refleks...Refleks...

Det er mørketid. Husk difor lys på sykkelen, refleks på kleda eller aller helst refleksvest når du ferdast ute i mørkret.

Ryddegjengen

Ryddegjengen er fortsatt i sving i Varhaug sentrum. Samme utgangspunkt som tidligere, fra garasjen ved Bøen. Første torsdag i måneden. Det er gildt å ha det reint og trivelig i nærmiljøet. Det er ikke alle som går igjennom jernbaneundergangen, den er etter hvert gammel og "skrøpelig", men ryddegjengen holder standarden oppe, med både maling og soping/spyling. Alle vi andre som ferdes i sentrum retter en stor takk til ryddegjengen.

Etter endt økt med rydding har de hatt tradisjon for en enkel "madbede" på Coop'en, men hva nå? I skrivende stund er den Coop'en som vi har brukt de siste 20-30 årene nå historie, nedlagt og stengt. Skal vi ha det slik, ingen handel, ingen kafe,

tomme lokaler? Eg kjenner på det at her må me sambygdingar ta ansvar. Me må for det første være lokale og handle så mye vi kan i de lokale forretningene. Vi vil vel ha et levende sentrum? Nå må vi ikke "tillate" at de gamle Coop-lokalene vert ståande tomme. Hva med et Bygda's AS eller BA, Sentrum Eiendom BA som skal stå for utleie av lokalene til næringsdrivende til beste for bygda? Vil jo gjera oppmerksom på at de som ser for seg å verta rike på denne investeringa, de må la være. Det kan være det er en middelveg som gjer at dette kan balansere. Men DU, privat, firma eller forening, du som er opptatt av at vi skal ta vare på bygda og sentrum, du må tenke igjennom dette, gjerne komme med innspill så kan noen i mellomtida

avklara eventuell organisasjonsform, kapitalbehov etc. Vi håper selvfølgelig at styret i Coop-Varhaug har noe lurt å koma med i forhold til å ikke akseptere tomme lokaler. Positivt at Jærbakeren kommer for å samarbeid om bakeriet og drifta av dette. Vi kan ikke vente at styret gjer alt, så vi må løfte i lag. Det er vi (alle andelseierne) som eier Coop'en.

Rune Odland

Gjenbruks-butikken

Starta på Varhaug for eit år sidan, har gått utruleg.

Til 1 års dagen hadde dei passert millionen i omsetning

Dagens sitat frå Kristin

"Dei kloge hynså, verpe au ude av og te!"



Fra venstre: Bjarte, Katrine, Kim André, Tore og Aud Elise

RYOBI AEG

**Alle lagerførte
lysrør og tennere**

-20%

Gjelder t.o.m. 30. november

Bormaskin

Ryobi LSDT1201

- Kompakt, 1x12V
- Hurtiglader
- Vekt 800 gr.
- Elektronisk brems
- Turtall 0-180 o/min
- Elektronisk variabel hastighet
- Selvlåsende chuch



899,-



butikken

- mer enn du tror!

Mollevæien 2-4 - Varhaug - Tlf. 51 77 14 70

Litt om internatet

På årsmøtet til bondelaget var det tydeleg at ikkje alle var klar over kven som åtte dette bygget. Difor finn eg det rett å ta med litt informasjon her.

Varhaug bondelag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H og Varhaug bygdeungdomslag ei eigar av Internatet. Dette er ein tidlegare arbeidarbustad som høyrde til Varhaug Meieri, og laga overtok eigedomen i 1995.

Internatet er ein stor murbygning i fleire etasjar, og dei 4 laga har sine møteaktivitetar der. I tillegg har dyrlegane på Varhaug kontor i 1. etasje, noko som gir kjærkomne inntekter til drift og vedlikehald av huset.

§ 4 i vedtektene lyder slik: "Internatet vert drive som eit andelslag med felles ansvar, som skal ta vare på medlemmane sine interesser. Internatet skal fortrinnsvis brukast til møte- og kontorlokale for laga, men det er og høve til å leiga ut ein del av huset"



Vidare står det i § 4: "Andelslaget vert leia av eit styre på 5 medlemmar. 2 av medlemmane kjem frå bondelaget. Bondekvinnelag, bygdeungdomslag og 4H kjem med 1 medlem kvar. Medlemmane vert valde på dei ymse laga sine årsmøte, og dei må vera 18 år for å ha stemmerett. Frå Svala 4H kan og klubbbrådgjevarane veljast. Det må og veljast 2 vara medlemmar frå kvart av laga i nummerorden. Funksjonstida for styremedlemmane er 2 år. Styret konstituerer seg sjølv"

Opp gjennom åra har laga lagt ned mange timar med dugnadsarbeid og rehabilitert heile bygget inne. Det er og skifta dører og vindaugo.

Dei 2 siste åra har BU gjort ein kjempejobb på ute arealet, slik at det nå er både krokket- og volleyballbane. Arbeid som nå bør gjerast er å skifta nokre vindaugo i kjellaren, der 4H har roma sine + ein del i trappegangen. Huset treng og sterkt å få eit malingsstrøk, og det må ha første prioritet til neste år.

Liv



Julegrana tennes på Varhaug Torg

Fredag 27/11 kl 17.30

Korpset, Hannanjah og

Míníkoret deltar med innslag

velkommen!

SPARING

Opprett en spareavtale i dag!

Våre rådgivere har god kunnskap om ulike sparealternativer, og vil gi råd basert på dine ønsker og behov.

Ta kontakt på telefon 02002 eller
se www.sr-bank.no for mer informasjon.



Bank. Sparing. Og deg.

SpareBank 1
SR-BANK

"Å jul med sin glede."

Det er alt tid for å minna om
juletefesten på Lerbrek skule
4. juledag, som er måndag 28.12.09
kl.18.00

Gaute Øgreid Rasmussen blir med
oss.

Gang rundt treet med
trekkspelmusikk attåt.
Servering.

Alle er hjartelig velkomne!
Helsing Sigbjørn

Strikke kafeen

Siste gong med strikke kafe i 2009
vert mandag 7. desember.

Koss det vert neste år er me ikkje
heilt klar over ennå. Men får sjå
utpå nyåret korleis me skal gjera
dette viss det ikkje vert nokon kafe
lenger. Kanskje me kan finna ein
annan stad å vera?

Helsing styret i bygdekvinnelaget



Kjekt i korpset

Varhaug Skulemusikkorps hadde nettopp seminar. Alle var med, både de som har spilt noen år, og de som begynte nå i høst. Det er fantastisk kjekt og lærerikt med seminar. Overnatting er og spennende..

Nå er korpset klar for en travel julesesong.





GAVEARTIKLER

**Mange
gode
jule-
gavetips!**

**Flotte
lakklys
til advent!**

Fra idé til virkelighet
DESIGNERS GUILD



Designers Guild stoffer med
og uten mønster. Kan både
være trykte og vevde.


FARGERIKE®

FARGERIKE HALVORSEN

Varhaug - tlf. 51 43 61 00

Årsmøte i Varhaug bondelag

Bondelaget sitt årsmøte vart halde 20. oktober på Lerbrekk skule, der fine dekkja og pynta bord ynskte alle velkomne. Årsmeldinga viste stor aktivitet og rekneskapet underskot. Dette skuldast for det meste jerninnsamlinga som hadde meir utgifter enn inntekter, då dei berre fekk 50 øre pr. for dette. Utanom årsmøtesakene, var Bjarne Undheim med og snakka om laust og fast frå tida som leiar i Norges bondelag. Ekstra gildt var det å høyra koss det gjekk då han var i Japan. Leiar i Rogaland bondelag, Arna Høyland, orienterte og litt frå fylkeslaget.



Bjarne Undheim og Arna Høyland

Styret i laget er nå slik: Leiar Ole Andreas Aarsland (attval). Styremedlemar Oddmund Vagle (ny), Kristin Skrettingland Haarr (attval), Ingve Skretting (ny). I tillegg er Sigbjørn Tjelta og Oddvar Ueland i styret. Vara medlemmar er: Runar Odland, Tommy T. Skretting og Målfrid Aksdal.




Litt av bordpynten



Hå Senioruniversitet

26. oktober var det konstituerande årsmøte for Hå Senioruniversitet, og det møtte ca. 30. Eirik J. Varhaug ønsket velkommen og orienterte om senioruniversitetet. Dette skal vera ein sjølvstendig, ideell organisasjon for dei i mogen alder som har lyst til å læra meir. Ved foredrag, kurs og evt. studiearbeid vert aktuelle emne tekne opp – utan sikte på å gi formell kompetanse. Det var helsing frå ordførar Terje Mjåtveit og leiar for Kultur og fritid Inger Kylesø orienterte om aktivitetar for eldre i Hå. Etter at dei framlagde vedtektenes vart godkjende, vart desse valde i styret: Leiar for 1 år Eirik J. Varhaug. Styremedlemar for 1 år: Tonny Waldeland og Magne Kleven. Styremedlemar for 2 år: Edith Gudmestad og Isak Haddeland. Varamedlemar: Haldis Bakke, Signe Hove og Brit Obrestad.



Styret i Hå senioruniversitet:

Isak Haddeland, Eirik J. Varhaug, Edith Gudmestad, Magne Kleven og Tonny Waldeland (Innfelt)



VVS EKSPERTEN
DET ER RØRLEGGJEREN DET KOMMER AN PÅ



RØRLEGGJER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug • Tlf. 51 79 83 10

Mandag - fredag åpent fra kl. 7.00 - 16.00
Lørdag åpent fra kl. 9.00 - 13.00

Inspirasjonsseminar med Norges Bygdekvinnelag

Saman med Eva Aniksdal og Aud Håland og ca 200 anddre bygdekvinner har eg vore på "kjølen" til Danmark. Dette var eit kurs for både hovud, kropp og sjel.

Me reiste med Pearl of Scandinavia torsdag ettermiddag til København og var tilbake i Oslo laurdag morgon.

Det var mange kurs å velja mellom, og eg hadde meldt meg på desse: Pilates, Kvinneliv, Miljø og Livet er ikkje for amatørar.

Her var det mykje å læra på alle plan, og ikkje minst på Pilates der ein skulle prøva å pusta på rett måte.

Kurset Kvinneliv var om kvinner i andre verdsdelar. Akkurat som bondelag og bondekvinnelag i Rogaland har engasjert seg i Kamerun eller Rogalandsgarden

som Bjørn Bue bygde opp i si tid, har og Norges Bygdekvinnelag eit konkret tiltak i Senegal. Dette vart starta i 2000 og er eit minikredittprosjekt. "Hjelper du kvinnene, hjelper du barn, familien, landsbyen og landet"

Eit anna kurs var Syng i kor, og alle dei som hadde vore med på dette kurset stilte opp i auditoriet siste dagen med fin korsong.

Det var eit lærerikt og gildt kurs, der ein vart kjent med mange nye menneske, og då eg snakka med ei dame frå Valle synta det seg at me hadde felles kjente.

Så er det å sjå om me kan gje noko vidare av dette me lærde til resten av medlemane og bygda vår.

"Aktive kvinner for levende bygder."



Frå Pilates kurset. Her vart det både notering av oppgåvene og alvorleg trim.



Leiaren vår lærer pusteteknikk



Her har me lært korleis me skal knytta dei fargerike hovudplagga dei m.a. brukar i Senegal.



Dette var gjengen eg var saman med i Singapore, Kuala Lumpur og Langkawi.

Sal- og haustutstilling

24. og 25. oktober hadde Viola Kraus og Klara Pil utstilling på skulen, og både inne og ute var det pynta med mange fine ting i naturmateriale. I begge klasseroma var det mange fine ting ein kunne kjøpa, og fekk ein lyst på ein kaffitår og litt å bia i, fekk ein det i husvære på sør, der dotter til Viola var ei flink serveringsdame. Då redaksjonen var innom og snakka med damene, var dei vel nøgde med helga.



Bilete fra Jærbladet

Stikk innom oss i banken på Varhaug

Åpent: mandag-fredag kl. 9.00-15.30. Torsdag kl. 9.00-17.45.



Fra venstre: Morten, Torodd, Irene, Kjellaug og Kjersti.

Tlf. 51 79 83 00
www.time-sparebank.no

TIME  SPAREBANK
- for Jæren

Årsmøte Varhaug bygdekvinnelag



24. september hadde bygdekvinnelaget årsmøte på Eldresenteret. Vår eigen Eva Aniksdal, som og er med i styret på fylket, snakka om nytt frå fylkesstyret og nemnde og kurset som NBK skal ha på "kjølen" til Danmark. Årsmeldinga ga eit godt bilete av kva laget har drive på med av ulike aktivitetar. Det som nok var litt ekstra dette året, var då 7 av oss var med på dugnadsjobb under VM i saueklipping. Laget har brukbar økonomi, sjølv om det vart underskot på rekneskapet.



Det vart ikkje den store endringa i styret, som nå ser slik ut:

Leiar: Aud Håland (attval). Styremedlemar: Britt Skretting (attval), Aud Bratland Bø, Leikny Aanestad (attval) og Liv Hobberstad. Varamedlemar: Bjørg Reime Håland, Grete Skretting og Astrid Hobberstad.

Takk Brit!

Veldig gildt innlegg du kom med. Ekstra gildt er det når folk i bygda kjem med noko stoff av seg sjølv og ikkje minst at det er "frå før i tida". Ting endrar seg fort, og ting går i gløymeboka. Då er det ekstra viktig er det vert skrive ned, slik at dei som veks opp kan sjå koss det var i stasjonen før i tida.. Ta Time Sparebank bygget som eit eksempel. Her stod den gamle smia til Grødala'n då eg kom til Varhaug.

I stykket ditt Brit, var det og mange minne for meg, som ikkje har vakse opp her. Eg har og hatt mat

i frysa på handelslaget, før me fekk fryseboks heime, og eg har og kjøpt sko hos Lerbrekken. Eg huskar eg kjøpte ein haug med tøfle til store og små som eg bruka som julegåve. Truleg var det då han heldt på med avslutninga av butikken.

Nå er IT bygget historie. Her kom folk frå nær og fjern for å kjøpa seg nye klede, og det fekk dei til heile familien. Hadde ein bruk for kosmetikk, fann ein og dette hos IT. Her fekk ein det meste i 3 etasjar og ikkje minst var det billige rolsegarnet i kjellaren populært.



Nå er det "bygget" snart parkeringsplass, og me får den nye etterlengta Coop butikken . Eg tykkjer bygget er litt tungt og trist på utsida, men Hans sa alltid at ein narr skulle ikkje sjå eit halvgjort arbeid. Men det vert vel annleis når husværa kjem på toppen og ute arealet

rundt er ferdig. Eg trur me alle på Varhaug ser fram til å handla i den nye butikken.

Så er det berre å venta i spaning på kva som skal koma i dei gamle lokala.

Liv

Stoff-frist

Første nummer av Varhaugbuen for 2010 skal ut i veke 12. Stoff frist er 10. mars. Dette kan de enten senda direkte til : trykkeri@jprint.no eller berre legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer.

Slutt på kaféen

Eg såg i Jærbladet at det ikkje skulle vera kafè i det nye handelslaget. Det tykte eg var trist. I gamla dagar, i IT si glanstid, laga Ingrid til kaffi og litt å bita i når det var sal. Då var det ikkje kafè på Varhaug, og folk som kom reisande for å handla følte og trong til å slappa av med litt kaffi. På Nærbø slutta dei og med kafèdrifta både på amfiet og handelslaget. Riktig nok er det nå kom i stand ein liten kafè på siste staden takka vera eit samarbeid med småjobbsentralen til frivilligsentralen og språkskulen. Kanskje har dei her på Varhaug tenkt å gjera som i Amfiet der det står eit bord midt i gangen med kaffikanne og litt å bita i. Det er ikkje mykje koseleg, men det er i alle fall ein plass ein kan slenga baken nedpå for å kvila seg litt om ein har behov for det .

Svolten?

Me har det mesta
som får deg
god og mett!



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

TIPPING
WWW.NORSK-TIPPING.NO



Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 • Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30

SPAR



Tilbudene gjelder fra torsdag 26.11 - lørdag 28/11

Tilbudene gjelder kun
SPAR Varhaug

Nå kan du
handle om
kvelden hos
OSS...

man. - fre. til kl 21.00

Brød
uembalerte, pr stk

10⁰⁰



Creme jubileum
1 l 21,90

21⁹⁰



- du kjenner oss

**Karamellpudding/
Riskrem**

750 ml 26,53

19⁹⁰



Svinestek
surret, pr kg

49⁹⁰



Kjøttpølser
900 g 44,33/kg

39⁹⁰



- du kjenner oss på de gode tilbudene